Statsbudsjettet 2018 Kap 1429 Post 70 – Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK)

Rapportering 2018
Hordaland fylkeskommune

# INNHALD

Fosnstraumen, Austrheim kommune og Radøy kommune Fleire ID-nr ........ 2
Hæreidsmoen, Eidfjord kommune ID 110228 ........ 6
Vindenes, Fjell kommune ID 64065 m.fl ........ 11
Årbakka, Tysnes kommune ID 35534 ........ 12
Kulturminne i Leirvik, Meland kommune ID 108033 m.fl ........ 13
Bygdebord på Børshovda, Sveio kommune ID 106039 ........ 14
Kulturminne på Istertveit, Sveio kommune ID 106073 ........ 15
Håkonshaugen, Lindås kommune ID 66400 ........ 16
Gildeskålbakken, Stord kommune ID 60597 ........ 17
Kvalvågen/Skaganeset, Sund kommune ID 97070 m.fl ........ 18
Tilrettelegging Ruskeneshellaren, Bergen ID 25782 ........ 20
Tilrettelegging Kongshaugen på Hop ID 91779 ........ 21
Tilrettelegging Kolltveit ID 127360 m.fl ........ 21
Tilrettelegging Munkarøysi, Granvin ID 55574 ........ 21
Steinalderstien, Austrheim ID 66703 m.fl. ........ 21
Oppsummering ........ 22

| BARK | Tiltak | Prosjektkostnad | Tilskot | Utbetalt | Rest |
|---|---|---|---|---|---|
| 2015 | Skjøtsel, skilt, plan | 220.000,- | 110.000,- | 0,- | ~~110.000,-~~ |
| 2016 | | | | 0,- | ~~110.000,-~~ |
| 2017 | | | | 51.266,9,- | 58.733,1,- |
| Prosjektet er ferdigstilt og tilskotet søkt utbetalt. Sluttrapport ligg vedlagt. | | | | | |

Den opphavlege søknaden sikta mot å skifta ut alle dei gamle skilta i tilrettelegginga, men ikkje å gjera nokon andre endringar. Etter søknad om omdisponering vart det avgjort å endra dette til to hovudskilt, som skulle kombinerast med digital formidling. I 2018 vart dette for Radøy endra til at ein her likevel ynskte å setje opp mindre skilt langs stien, i tillegg til hovudskilt og digital formidling. Ettersom dette var i tråd med opphavleg søknad vart det ikkje søkt ny omdisponering. Det vart utarbeidd totalt 9 skilt i A3 som er plassert langs stien på Rapeneset og Ramsvikneset i Radøy kommune. Stien er merka og lagt til rette med klopper og kavlebruer i våte parti. Sauer på beite held skjøtselsarbeidet på Rapeneset ved like. Det er gjennomført opningsarrangement for formidlingsfilmen og for stiane på Radøysida.

Hovudskilt er montert på Radøysida av straumen. For Austrheim er det ynskeleg å venta med montering av skiltet til det er rydda skog i området for å unngå skade på nytt skilt. Hordaland fylkeskommune vurderer det no som tenleg å dela opp skjøtselsplanen som tidlegare var tenkt å famna heile Fosnstraumen i to planar, ein for kvar kommune. Med denne endringa vil planen snarleg vera ferdigstilt for Radøy kommune.

Sluttrapport ligg vedlagt.




STEINALDER PÅ RAPENESET
DU STÅR HER
På toppen av dette draget ligg det ein liten buplass. Funna herfrå viser at denne staden var i bruk mellom kring 8000 og 5300 år sidan, det vil sei siste del av eldre steinalder og fyrste del av yngre steinalder. Denne buplassen låg ikkje i strandkanten, men på ei tørr flate der det var lett tilgang til sjøen på begge sider av Rapeneset. I draget som strekkjer seg nedover mot sørvest ligg det tre buplassar. På den største av desse er det gjort mange funn, mellom anna keramikkskår og ei flintpil med form som minnar om eit hjarte. Funna viser at buplassen var i bruk gjennom store delar av yngre steinalder. Dei to andre buplassane er små, og det er usikkert om dette eigentleg er eigne buplassar eller om dette berre er spor av aktiviteten som har skjedd i området knytt til den store buplassen.
GB You are now standing close to a hunting-fishing camp that was in use sometime between 8000 and 5300 years ago. The camp was not located close to the shore, but there was a good view of and easy access to the sea on both sides of Rapeneset. Further down the slope to the southwest there are three other sites that lie close together. The largest of these has yielded many artefacts, such as shards of pottery and a flint arrow shaped somewhat like a heart. These finds tell us that this site was used between 6000 and 3800 years ago. The two other sites are small, and may be traces from the activities of the people who lived on the larger site rather than separate hunting-fishing camps.
Rekonstruksjon: Morten Kutschera. Foto: Nicole Brody. Tekst/grafisk formgjeving: Hordaland fylkeskommune.
Kartdata: Norge Digitalt, Kartverket, Riksantikvaren
HORDALAND FYLKESKOMMUNE
Radøy kommune
Austrheim kommune


KOTEDALEN
I Kotedalen ved festet for brua mellom Radøy og Fosnøy fann arkeologane ein buplass utanom det vanlege. Her var tjukke lag med mange funn frå ein buplass som hadde vore i bruk over lang tid. I botn av laget fant ein små, enkle flintøkser og pilspissar frå eldste del av eldre steinalder. Dette er spor av dei fyrste folka som kom hit for omlag 11.000 år sidan. Det har vore heile 16 busetjingsfaser spreidd over meir enn 5000 år i Kotedalen. Under utgravinga gjorde arkeologane svært mange funn. Her var pilspissar, økser, keramikk, fiskekroker, fiskesøkker, og mykje meir. For kring 4800 år sidan vart den grunne vika som tidlegare gjort det lett å komma i land med båt ved buplassen tørrlagt på grunn av landhevinga. Kotedalen vart då forlatt for godt. Buplassen på Ildalsneset og buplassen i Grøndalen lenger aust hadde framleis gode hamner, og bruken av desse held fram til omlag 4600 - 4300 år sidan. Dette er den siste delen av fangststeinalderen. Etter dette er det omsynet til åkerland og beitemarker som avgjorde kvar det var best å bu. Fosnstraumen var framleis i bruk, men no berre til korte besøk for å fiske.
GB Here in Kotedalen, archaeologists found a settlement that had been used over a long period of time. Small simple flint axes and arrowheads are traces of the first people who came her around 11.000 years ago. There have been 16 settlement phases over more than 5000 years in Kotedalen. Around 4800 years ago, the shallow cove that had been a good place to pull up boats, dried up due to land rising. Kotedalen was abandoned for good. Other sites in the area were in use until about 4600-4300 years ago. This was the last part of the hunter-gatherer Stone Age. As farming became more important, people only visited the tidal current for short fishing trips.
Illustrasjon: Arkikon. Foto: Universitetsmuseet i Bergen. Tekst/grafisk formgjeving: Hordaland fylkeskommune
HORDALAND FYLKESKOMMUNE
Radøy kommune
Austrheim kommune


ØYER OG SUND PÅ RAPENESET

Foto: HFK

| Eigeninnsats 2015-2018 | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **2015** | **Radøy kommune** | **Austrheim kommune** | **HFK,-** | SUM eigenandel |
| **Reise** | | | 1310,25 | **124.930,68,-*** |
| **Admin** | 2825,85,- (7,5t) | 3750,- (7,5t) | 5250,- (7,5t) | |
| **Skjøtselsplan** | | | 52.500,- (7t) | |
| **Synfaring/møter** | 4144,58,- (11t) | 21.500,- (43t) | 27.650,- (39,5t) | |
| **Skinn til lavvo** | 6000,- | | | |
| **SUM 2015** | *12.970,43** | *25.250,-* | *86710,25* | |
| | | | | |
| **2016** | | | HFK eigeninnsats stort sett knytt til kontrollreg. og difor ikkje rapportert. | **13.200,-** |
| **Møter** | 2400,- (6t) | 2400,- (6t) | | |
| **Admin** | 2000,- (5t) | 1600,- (4t) | | |
| **Reise** | 1200,- (3t) | 1600,- (4t) | | |
| **Synfaring** | | 2000,- (5t) | | |
| **SUM 2016** | *5600,-* | *7600,-* | | |
| | | | | |
| **2017** | | | | **42.200,-*** |
| **Møte/synfaring** | 3200,- | 8000,- | | |
| **Skjøtsel/tilrettelegging** | 7000,- | | | |
| **Reise** | | 2000,- | | |
| **Admin** | 10.000,- | 5000,- | | |
| **Layout skilt** | | | 7000,- | |
| **SUM 2017** | *20200,-** | *15.000,-* | *7000,-* | |
| | | | | |
| **2018** | | | | **65.185,-** |
| **Møte/synfaring** | 4000,- | | | |
| **Reise** | 500,- | | 1235,- | |
| **Admin** | 5000,- | 4000,- | | |
| **Småskilt** | 4000,- | | 26.250,- | |
| **Hovudskilt** | 2500,- | | | |
| **Tilrettelegging sti** | 3000,- | | 14.700,- 10,5t x 2 | |
| **SUM 2018** | *19000,-* | *4000,-* | *42.185,-* | |
| **SUM samla eigeninnsats 2015-2018** | **57.770,43,-** | **51.850,-** | **135.895,25** | **245.515,68,-** |

* Retta opp feil frå rapportering 2017.

Tekst til hovudskilt er utarbeidd av Universitetsmuseet i Bergen.

| Finansiering | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **UTGIFTER** | Eigeninnsats Radøy | Eigeninnsats Austrheim | Eigen-innsats HFK | BARK 2017 | BARK 2018 | SUM |
| **Illustrasjonar** | | | | 1062,50,- | | *1062,50,-* |
| **Reise*** | 1700,- | 3600,- | 2545,25,- | | | *7845,25,-* |
| **Skinn steinalderlavvo** | 6000,- | | | | | *6000,-* |
| **Admin*** | 19.825,85,- | 14.350,- | 5250,- | | | *39.425,85,-* |
| **Møter/synfaring*** | 13.744,58,- | 33.900,- | 27.650,- | | | *75.294,58,-* |
| **Skjøtselsplan*** | | | 52.500,- | | | *52.500,-* |
| **Skjøtsel** | 7000,- | | | | | *7000,-* |
| **Layout hovudskilt** | | | 7000,- | | | *7000,-* |
| **Hovudskilt og skiltstativ** | 2500,- | | | 46.250,- (Forskot) | | *48.750,-* |
| **Småskilt** | 4000,- | | 26.250,- | | | *30.250,-* |
| **Trykk småskilt** | | | | | 1940,- | *1940,-* |
| **Språkhjelp småskilt** | | | | | 1396,- | *1396,-* |
| **Bilete småskilt** | | | | | 1500,- | *1500,-* |
| **Tilrettelegging sti Radøy**<br>Materiale klopper<br>Arbeid klopper | 3000,- | | 14.700,- | 3954,40,- | <br>16.116,-<br>9000,- | 46.770.40,- |
| **Turskilt Radøy** | | | | | 861,33,- | *861,33,-* |
| **Tilrettelegging av sti Austrheim** | | | | | 27.919,77,- | *27.919,77,-* |
| **SUM totalt** | *57.770.43* | *51.850,-* | *135.895,25,-* | ***51.266,9,-*** | ***58.733,1*** | **355.515,68,-** |
| **SUM BARK** | | | | ***110.000,-*** | | |

* Tal frå rapport om årleg eigeninnsats, samla for 2015-2018.

BARK tilskot utbetaling Radøy 2018: 30.813,33,-
BARK-tilskot utbetaling Austrheim 2018: 27.919,77,-

**Konklusjon**
Kommunane ber om utbetaling av rest av tilskot, kr 58.733,1,-. Prosjektet er ferdigstilt og sluttrapport er vedlagt.

| BARK | Tiltak | Prosjektkostnad | Tilskot | Utbetalt | Rest |
|---|---|---|---|---|---|
| 2015 | Skjøtsel, tilrettelegging | 421.000,- | 150.000,- | 0,- | ~~150.000,-~~ |
| 2016 | | | | 23.100,- | ~~126.900,-~~ |
| 2017 | | | | 98.564,- | ~~28.336,-~~ |
| 2018 | | | | 28.336,- | 0,- |
| **Utbetaling av rest av tilskot, kr 28.336,-. Prosjektet er ferdigstilt og sluttrapport vedlagt.** | | | | | |

Arbeidet med vegetasjonsskjøtsel har halde fram i 2018. Det vart gjennomført motorsagkurs på del av lokaliteten under oppsyn av fylkeskommunen. Det vart rydda mykje under kurset, og Eidfjord kommune sytte for opprydding av vegetasjonskapp i etterkant. Nytt skilt er plassert på tilvist plass inne på lokaliteten, og saman med ny merking frå 2017 gir dette betre flyt i turiststraumen. I 2018 er det utarbeidd to mindre skilt som fortel om gravfeltet og gravene. Desse skal festast på gjerdet nær godt synlege gravminne. Benkar er framleis ikkje levert, men dette arbeidet vert følgt opp av Eidfjord kommune. Eidfjord kommune har i tillegg sikra at kulturløypa vil verte halde ved like, og har planar for vidare vedlikehald av arbeidet på lokaliteten.



Ei av dei mest synlege gravrøysene etter skjøtsel. Foto: HFK




Nytt skilt for gravfeltet.



Foto: HFK

Hovuddelen av arbeidet på motorsagkurset var rydding av små furutre som i bakgrunnen på biletet. Av omsyn til kurssituasjonen og i avtale med grunneigar vart det òg felt nokre større tre. Arbeidet med rydding av småtre tok til i kanten av allereie rydda området for å utvida dette. Det er framleis mykje som må ryddast på delar av lokaliteten, men Eidfjord kommune og grunneigarane har gjort eit stort arbeid gjennom prosjektet, og har opna mykje av dei delane av lokaliteten som lenge har vore grodd til med vegetasjon.



# ⌘ GRAVFELTET HÆREIDSMOEN

N Gravene på Hæreidsmoen er ikkje like. Her er store, ruvande røyser, runde haugar med store steinar i ring rundt kanten, og låge, små røyser og haugar som mest ikkje er synlege. Det er lett å tenkja at dette hadde med rikdom og høg posisjon i samfunnet å gjera, men det treng ikkje vera heile forklaringa. Gravskikken i jernalderen har endra seg over tid. I nokre periodar var det vanleg å laga små graver, eller å gravleggja folk utan synleg markering på overflata. Andre gonger var det vanleg å laga store, ruvande gravminne. Under torva mellom gravene kan ein venta å finna fleire graver, og spor etter sermoniar knytt til gravleggingane. Noko av det som er særskild med Hæreidsmoen er at det er så mange graver samla her. Var det busetjing på Hæreid i det heile tatt, eller var heile området eit gravfelt? Det er mange spørsmål ein ikkje har svara på, men gravfeltet må ha vore ein heilt spesiell stad med stor tyding i liva til folk i området.

GB The graves at Hæreidsmoen are not alike. Some are large and prominent, some are bordered by a circle of large stones and some are small and hardly visible at all. But does this mean that some are the graves of the wealthy and powerful and others are not? Not necessarily. The graves were all made in the Iron Age but over a long period of time, and customs change. In some periods, small cairns and mounds were the norm, or graves were not marked at all. At other times, graves were large and impressive. Under the turf between the graves there may be traces of more graves and of Iron Age burial ceremonies. There are many unanswered questions about Hæreidsmoen. Why are there so many graves here? Did people live here, or was the entire terrace one large burial ground? Though we may never know for sure, the burial field remains a special place and a powerful reminder of the past.

HORDALAND FYLKESKOMMUNE Eidfjord kommune



# ⌘ KVA FINN EIN I GRAVENE?

N Gravhaugar og røyser vart gjerne bygt over ei grav i midten. Seinare har det ofte vorte sett inn ei eller fleire graver i kanten av haugen eller røysa, gjerne urner med brente bein frå kremasjonsgraver. Gravfeltet på Hæreidsmoen har truleg vore i bruk i store delar av jernalderen. I siste del av eldre jernalder, 400 - 570 e.Kr, varierte gravminna sterkt i form og storleik. I ubrente graver vart den daude gravlagt i ei kiste av store heller. Den daude vart rikt utstyrt, med våpen, smykke og drikkekar. I fyrste del av yngre jernalder er kistene stort sett laga av tre. Gravgodset er enklare, og ofte er det jordbruksreiskap som har vorte lagt i grava. I vikingtid, kring 780 e.Kr., byrjer dei att å laga store graver, og med meir gravgods. I kvinnegraver finn me gjerne glasperler frå smykke, og spenner som har vore del av klesdrakta. Menn vart gravlagt med mellom anna våpen, reiskap, hesteutstyr.

GB Burial mounds and cairns were most often built over a central grave. Sometimes the graves were reused later by inserting new graves at the edge of the mound or cairn. Such graves could be urns with burned bones from cremation graves. The burial field at Hæreidsmoen was used through most of the Iron Age. From 400-570 AD, the graves varied greatly in shape and size. In unburnt graves, bodies were buried in caskets made of slabs of stone. The dead were richly equipped, with weapons, jewellery and drinking bowls. After about 570 AD, the caskets were more often made of wood, and the grave goods were simpler and mostly consisted of agricultural tools. In the Viking age, around 780 AD, the tradition of making large grave monuments returned. In women's graves, finds include glass beads from necklaces, and brooches that were part of their clothes. Men were often buried with weapons, tools and horse equipment.

Illustrasjon: Arkikon. Tekst/grafisk formgjeving: Hordaland fylkeskommune.

HORDALAND FYLKESKOMMUNE Eidfjord kommune

Det er utarbeidd to skilt i A3 som skal festast på gjerdet langs løypa. Skilta er i produksjon.

| Eigeninnsats Hordaland fylkeskommune 2017 | | | |
|---|---|---|---|
| | Lønnskostnader | | Reise |
| Layout skilt | 7000,- | | |
| Tekst skilt | 5000,- | | |
| Skjøtsel 3.3.2017 | 16.800,- | (2pers x 12t á 700) | 2757,- |
| Synfaring 2.6.2017 | 5.600,- | (8t á 700) | 1707,- |
| | 34.400,- | | 4464,- |
| SUM | 38.864,- | | |
| | | | |

| Eigeninnsats Hordaland fylkeskommune 2018 | | |
|---|---|---|
| | Lønnskostnader | Reise |
| Møte 4.1.18 | 4900 | 1576,- |
| Skjøtsel/Motorsagkurs 11-12.5.18 | 10.150,- | 1819,- |
| Layout/arbeid småskilt | 7000,- | |
| Tekst småskilt | 5000,- | |
| | 27.050,- | 3395,- |
| SUM | 30.445,- | |

| Eidfjord kommune 2017 | |
|---|---|
| Skilt og skiltstativ | 25.111,- |
| Admin (møter, kontakt, osv. | 10.500,- |
| Forarbeid bestilling kulturminneskilt | 1200,- |
| **SUM 2017** | **36.811,-** |
| **Eidfjord kommune 2018** | |
| Org. Motorsagkurs | 6000,- |
| Tekst/bestilling småskilt | 4200,- |
| Benkar á 15.000 (3stk) | 45.000,- |
| **SUM 2018** | **55.200,-** |

*For detaljar om eigeninnsats 2015 og 2016, sjå rapport frå 2016. For detaljar kring skjøtselsarbeid, sjå vedlagt sluttrapport frå Eidfjord kommune.*

| Finansiering | Eigeninnsats Eidfjord kommune | Eigeninnsats HFK | BARK 2016 | BARK 2017 | BARK 2018 | SUM |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Skjøtsel 2015** | | | 5000,-* | | | *5000,-* |
| **Skjøtsel 2016** | | | 11.700,-* | | | *11.700,-* |
| **Skjøtsel 2017** | | 16.800,- | | 69.275 | | *86.075,-* |
| **Skjøtsel 2018** | | 10.150,- | | | 9000,-** | *19.150,-* |
| **Forarbeid skilt** | 1200,- | 5250,- | | | | *6450,-* |
| **Skilt** | 12.311,- | | 6400,-* | 29.289,- | 19.336,- ** | *67.336,-* |
| **Admin (møter, kontakt, m.m.)*** ** | 54.000,- | 16.450,- | | | | *70.450,-* |
| **Layout** | | 14.000,- | | | | *14.000,-* |
| **Tekst** | 4200,- | 10.000,- | | | | *14.200,-* |
| **Reise**** | | 10.895,- | | | | *10.895,-* |
| **Synfaring**** | 3600,- | 11.900,- | | | | *15.500,-* |
| **Benker** | 45.000,- | | | | | *45.000,-* |
| **Retningsskilt** | 7000,- | | | | | *7000,-* |
| **Foto til skilt** | 500,- | | | | | *500,-* |
| **Forarbeid retningsskilt** | 3000,- | | | | | *3000,-* |
| **SUM** | *130.811,-* | *95.445,-* | *23.100,-* | *98.564,-* | 28.336,- | **376.256,-** |

* I 2016 vart det utbetalt kr 23.100,- for å dekka skjøtsel i 2015 og 2016. Ved ein feil vart denne summen gjort for stor, og restsum kr 6400,- vart ståande på konto hjå Eidfjord kommune som forskot jamfør rapport frå 2016. I 2017 er denne summen, kr 6400,-, nytta til å dekka del av utgiftene til skilt.

** Summane i denne kolonna er bedt utbetalt som forskot. Småskilt er bestilt men ikkje levert, og sum er rekna ut frå einingspris på tidlegare faktura. Skjøtselstilskot skal fordelast på grunneigarane etter at rapportar for dykkar innsats i 2018 ligg føre.

*** Samla tal frå rapportering 2015 til 2018

**Konklusjon**
Eidfjord kommune ber om utbetaling av rest av tilskot,  kr 28.336,-, som forskot til dekking av skilt som er i bestilling og til grunneigarskjøtsel gjennomført 2018. Det er gjennomført eigeninnsats tilsvarande meir enn 50% av prosjektkostnad. Sluttrapport ligg vedlagt.

| BARK | Tiltak | Prosjektkostnad | Tilskot | Utbetalt | Rest |
|---|---|---|---|---|---|
| 2015 | Skjøtsel, skilt, plan | 65.000,- | 10.000,- | 10.000,- | 0,- |
| 2016 | Skjøtsel, skilt | 75.000,- | 20.000,- | 0,- | 20.000,- |
| 2017 | Skjøtsel, skilt | 75.000,- | 20.000,- | 0,- | 20.000,- |
| 2018 | Skjøtsel, skilt | 75.000,- | 20.000,- | 20.000,- | 0,- |
| 2017 RA-tilskot | Skjøtsel | Søknad sendt direkte til Riksantikvaren | 110.000,- | 0,- | 110.000,- |
| 2018 RA-tilskot | Skjøtsel | Søknad sendt direkte til Riksantikvaren | 110.000,- | 0,- | 110.000,- |
| Fjell kommune ber om utbetaling av tilskot tildelt 2016, kr 20.000,-. Tilskot tildelt 2017 | | | | | |

Grunna stort arbeidspress mellom anna knytt til kulturminneplan har Fjell kommune hatt lågare aktivitet i prosjektet enn dei ynskte i 2018. Arbeidet i 2018 har vore fokusert kring å få utarbeidd ein 3D illustrasjon av Høybøen til bruk i formidlinga samt planlegging av vidare skjøtsel og formidling. Tilskot tildelt gjennom BARK 2016 har vorte nytta til arbeidet med ny illustrasjon. Fjell kommune har tidlegare satt av delar av midlane naudsynt for å fullfinansiera skjøtselsarbeidet på Høybøen som vart tildelt tilskot gjennom BARK 2017, og opnar for ytterlegare midlar gjennom fordelinga av kulturvernmidlar for 2019. Kulturvernavdelinga er i dialog for å finna beste måten å gjennomføra skjøtselsarbeidet på. Arbeidet er planlagt utført våren 2019. Fjell kommune vil òg ta opp att prosessen med å få til lyngbrenning i området. Det er starta opp arbeid med to informasjonstavler, ei om landskapet og tidsdjupna i området med bruk frå steinalder til nyare tid, og ei om garden Høybøen. Dette arbeidet vil halda fram utover vinteren.

| Finansiering Kostnad | Fjell kommune | Hordaland fylkeskommune | BARK 2018 | SUM |
|---|---|---|---|---|
| Illustrasjon/skilt | | 6.650,- | | *6.650,-* |
| Admin | 12.600,- | | | *12.600,-* |
| Illustrasjon ** | 5000,-* | | 20.000,- | *25.000,-** |
| SUM | *17.600,-* | *6.650,-* | *20.000,-* | 44.250,- |

* Usikkert tal. Endeleg kostnad illustrasjon ikkje avklart og summen kan verte høgare.
** Kostnader knytt til foto til skilt er framleis ikkje er effektuert. Total kostnad 2018 er truleg reelt kring 50.000,-. Fjell kommune dekkjer kostnader som går ut over planlagt budsjett.

**Konklusjon**
Fjell kommune ber om utbetaling av tilskot tildelt 2016, kr 20.000,-. Fjell kommune ber om at tilskot tildelt direkte frå Riksantikvaren gjennom BARK 2017, kr 110.000,-, vert overført til 2019. Fjell kommune har sendt delrapport som gjer greie for kostnader, og ber om å få utsett sluttrapport til tilskotet tildelt 2017 er nytta i 2019. Delrapport ligg vedlagt.

| BARK | Tiltak | Prosjektkostnad | Tilskot | Utbetalt | Rest |
|---|---|---|---|---|---|
| 2016 | Skjøtsel | 28.000,- | 12.000,- | 0,- | ~~12.000,-~~ |
| 2017 | | | | 0,- | 12.000,- |
| 2018 | | | | 0,- | 12.000,- |
| Tilskotet går attende til Riksantikvaren. Det vil verte søkt på nytt ved seinare høve. | | | | | |

Det ligg føre skjøtselsplan for kulturminnet, men det er ikkje utarbeidd godkjent skjøtselsavtale. Grunna manglande avtale med grunneigar er det ikkje aktuelt å gjennomføra prosjektet no. Beite av gravfeltet vil truleg halda fram. Hordaland fylkeskommune vil ta opp att denne saka ved høve.

**Konklusjon**
Prosjektet vert ikkje gjennomført ved noverande tidspunkt grunna uklåre grunneigarhøve. Det vil truleg verte søkt på nytt ved seinare høve. Prosjekt utgår.

| BARK | Tiltak | Prosjektkostnad | Tilskot | Utbetalt | Rest |
|---|---|---|---|---|---|
| **2016** | Tilrettelegging | 72.125,- | 36.000,- | 0,- | ~~36.000,-~~ |
| **2017** | | | | 0,- | 36.000,- |
| **2018** | | | | *29.700,-** | 6.300,- |
| **Prosjektet er gjennomført og tilskotet utbetalt. Rest av tilskot går attende til Riksantikvaren. Sluttrapport er sendt Riksantikvaren.** | | | | | |

** Allereie utbetalt gjennom delrapportering 2018*

Prosjektet er ferdigstilt og sluttrapport oversendt Riksantikvaren i brev frå Hordaland fylkeskommune av 06.07.2018. Tilskotet er utbetalt og mottatt frå Riksantikvaren. Av omsyn til å ha ei årsoversikt for gjennomførte BARK-prosjekt i Hordaland er prosjektet likevel nemnt i denne rapporten.

**Konklusjon**
Prosjektet er gjennomført og tilskotet utbetalt. Hordaland fylkeskommune har mottatt tilskotet frå Riksantikvaren gjennom delrapportering.

| BARK | Tiltak | Prosjektkostnad | Tilskot | Utbetalt | Rest |
|---|---|---|---|---|---|
| **2016** | Tilrettelegging | 36.000,- | 18.500,- | 0,- | ~~18.500,-~~ |
| **2017** | | | | 0,- | 18.500,- |
| **2018** | | | | *6.000,-** 3.650,- | 8.850,- |
| **Prosjektet er ferdigstilt. Ber om utbetaling av delar av rest av tilskot, kr 3650,-.** | | | | | |

** Allereie utbetalt gjennom delrapportering 2018*




Det er utarbeidd skilttavle for kulturminnet, og denne tavla er i produksjon. Skiltet vil verte montert på ei avkappa trestamme så snøgt det er klart. Stien til bygdeborga er allereie merka og skilta. Det ligg føre løyve til skilting frå grunneigar, men det er ikkje vurdert som aktuelt å utarbeida skjøtselsplan for lokaliteten på noverande tidspunkt. Kulturminnet er dekt av skog, og rydding av kulturminnet ville vore eit svært stort arbeid og ville ført med seg krevjande vedlikehald. Som det no er skjer det lite endringar i vegetasjonen ettersom denne i all hovudsak er vel etablert. Dersom det skulle skje endringar vil dette verte vurdert på nytt i samråd mellom grunneigar, Sveio kommune og Hordaland fylkeskommune. Sveio kommune har tatt på seg ansvar for å skifta ut skiltet ved behov. Sveio kommune har gjennomført prosjektet, og ber om utbetaling av del av tilskotet.

| Finansiering Kostnad | Sveio kommune | Hordaland fylkeskommune | BARK 2018 | SUM |
|---|---|---|---|---|
| **Tekst/illustrasjon** | 3000,- | | | *3000,-* |
| **Layout** | | 7000,- | | *7000,-* |
| **Illustrasjon** | | | 6000,-* | *6000,-* |
| **Skilting, montering, rydding** | 2000,- | | | *2000,-* |
| **Synfaring m.m.** | | 2000,- | | *2000,-* |
| **Trykk** | | | 650,- | *650,-* |
| **Materiell montering** | 1000,- | | | *1000,-* |
| **Godtgjering dugnad** | | | 3000,- | *3000,-* |
| **SUM** | *6000,-* | *9000,-* | *9.650,-* | **24.650,-** |

* Allereie utbetalt gjennom delrapportering 2018

**Konklusjon**
Prosjektet er ferdigstilt og Sveio kommune ber om utbetaling av rest av tilskot kr 3.650,-. Skilt er utarbeidd og vert montert når trykk er ferdigstilt. Rest av tilskot går attende til Riksantikvaren. Sluttrapport ligg vedlagt.

| BARK | Tiltak | Prosjektkostnad | Tilskot | Utbetalt | Rest |
|---|---|---|---|---|---|
| **2016** | Tilrettelegging | 38.000,- | 19.000,- | 0,- | ~~19.000,-~~ |
| **2017** | | | | 0,- | 19.000,- |
| **2018** | | | | *6.000,-** <br> 13.000,- | 0,- |
| **Ber om utbetaling av rest av tilskot, kr 13.000,-. Prosjektet er planlagt ferdigstilt i november 2018 og tilskotet vert utbetalt dels som forskot.** | | | | | |

** Allereie utbetalt gjennom delrapportering 2018*




Det er utforma informasjonsskilt for kulturminna på Istertveit, og skiltet er sendt til trykk. Det er utforma utkast til skjøtselsplan. Det vert planlagt fyrste gongs skjøtsel på kulturminna i november 2018. Det er inngått avtale om gjennomføring av skjøtselsarbeidet. Sveio kommune ber om utbetaling av rest av tilskot, og vil ettersenda bilag for arbeid som vil verte utført i november. Det kjem klårt fram av mellombels rekneskap kva tal som framleis er usikre. Eigeninnsatsen i prosjektet vil uansett utgjera 50%, og Hordaland fylkeskommune støtter at Sveio kommune får utbetalt heile tilskotet no.

| Finansiering Kostnad | Sveio kommune | Hordaland fylkeskommune | BARK 2018 | SUM |
|---|---|---|---|---|
| **Tekst/illustrasjon** | 3000,- | | | *3000,-* |
| **Layout** | | 7000,- | | *7000,-* |
| **Illustrasjon** | | | 6000,-* | *6000,-* |
| **Skilt, montering, rydding** | 3000,- | | | *3000,-* |
| **Skjøtselsplan/synfaring** | | 6000,-** | | *6000,-* |
| **Trykk skilt/retningsskilt** | 3.462,- | | 5000,- | *8.462,-* |
| **Materiell montering, rydding** | | | 2000,-** | *2000,-* |
| **Godtgjerding dugnad montering/skjøtsel** | | | 6000,- | *6000,-* |
| | *9.462,-* | *13.000,-* | *19.000,-* | **41.462,-** |

* Allereie utbetalt gjennom delrapportering 2018
** Ikkje endeleg sum. Skjøtselsarbeidet vert gjennomført i november 2018.

**Konklusjon**
Sveio kommune ber om utbetaling av rest av tilskot, kr 13.000,-. Delar av summen vil fungera som forskot, men prosjektet vil verte ferdigstilt i november 2018 ved gjennomføring av skjøtsel og oppsetjing av skilttavle. Rapport ligg vedlagt. Bilag for forskot vert ettersendt Hordaland fylkeskommune etter fakturering.

| BARK | Tiltak | Prosjektkostnad | Tilskot | Utbetalt | Rest |
|---|---|---|---|---|---|
| **2016** | Tilrettelegging | 750.000,- | 350.000,- | 0,- | ~~350.000,-~~ |
| **2017** | Omdisp. tilrettelegging | 690.000,- eks mva | ~~350.000,-~~ 15.000,- | 0,- | 15.000,- |
| **2018** | | | 15.000,- | 0,- | Utgår |
| **Prosjektet vert ikkje gjennomført på noverande tidspunkt og tilskotet går attende til Riksantikvaren.** | | | | | |

Fleire element i prosjektet som skulle gje universell tilkomst til kulturminnet «Håkonshaugen» let seg ikkje gjennomføra på grunn av praktiske omsyn på staden. Eigedomsgrenser og omsynet til gardsdrift i området gjorde at fleire av tiltaka ikkje kunne gjennomførast. Lindås kommune fekk difor utarbeidd ein søknad om omdisponering. Riksantikvaren gav i brev av 29.9.2017 avslag på søknad om omdisponering. Tilskotet vart i 2017 avkorta til kr 15.000,- som skulle gå til informasjonstavler. Lindås kommune ynskte då å omforma prosjektet til noko som kunne gjennomførast innanfor eksisterande eigedomsgrenser.

Lindås kommune ser no at dei ikkje har kapasitet til å prioritera prosjektet grunna mange andre store investeringsprosjekt som må prioriterast. Dei er innforstått med at tilskotet vert trekt attende. Lindås kommune ser at det framleis er trong til å gjera ei oppgradering av tilrettelegginga på Håkonshaugen, men vil heller vurdera å søkja på nytt ved eit seinare høve.

**Konklusjon**
Prosjektet utgår.

| BARK | Tiltak | Prosjektkostnad | Tilskot | Utbetalt | Rest |
|---|---|---|---|---|---|
| 2017 | Skilt , skjøtselsplan | 50.000,- | 24.000,- | 24.000,- | 0,- |
| **Prosjektet er ferdigstilt, og tilskotet utbetalt. Sluttrapport ligg vedlagt.** | | | | | |

Prosjektet er gjennomført og ferdigstilt. Det er satt opp formidlingsskilt som er lett synleg og tilgjengeleg for alle som nyttar turvegen i området. Turvegen er lyssett og universelt utforma, og tufta er lett tilgjengeleg for alle. Stord kommune har inngått avtale med Hystad Skule om at skulen gjer årleg skjøtsel av kulturminnet og nyttar staden i samband med undervisning. Det er satt opp bord med benkar i nærleiken av kulturminnet. Sluttrapport ligg vedlagt.

| Finansiering Kostnad | Dugnad | Stord kommune | BARK 2018 | SUM |
|---|---|---|---|---|
| Møter/synfaring | | 3000,- | | 3000,- |
| Admin | | 5000,- | | 5000,- |
| Skjøtsel/rydding | 5000,- | | | 5000,- |
| Eiendom, fundament | | 10.320,- | | 10.320,- |
| Montering/planskisse | | 3.345,- | | 3.345,- |
| Tekst | | | 5.623,- | 5.623,- |
| Illustrasjon | | | 15.000,- | 15.000,- |
| Trykk og skiltstativ | | 9.523,- | 3.377,- | 12.900,- |
| SUM | 5000,- | 31.188,- | 24.000,- | 60.188,- |




**Konklusjon**
Stord kommune har ferdigstilt prosjektet og ber om utbetaling av tilskotet, kr 24.000,-. Sluttrapport ligg vedlagt.

| BARK | Tiltak | Prosjektkostnad | Tilskot | Utbetalt | Rest |
|---|---|---|---|---|---|
| 2017 | Forprosjekt | 530.000,- | 200.000,- | *200.000,-** | 0,- |
| 2018 | Vidareføring prosjekt | 220.000,- | 50.000,- | 50.000,- | 0,- |
| Tilskotet vert søkt vidareført til 2018. | | | | | |

** Allereie utbetalt gjennom delrapportering 2018*

Fyrste fase av prosjektet med tilskot tildelt i 2017 vart ferdigstilt og utbetalt i fyrste halvdel av 2018 gjennom delrapportering. Arbeidet har i 2018 vore fokusert kring ferdigstilling av informasjonstavler og montering av desse. Det har vore gjennomført eit formidlingsopplegg for skuleborn i området, og dette arbeidet vil verte vidareført i 2019. Prosjektet er planlagt vidareført i 2019. Det vil då verte søkt tilskot til utforming av ei informasjonstavle om kvalfangst, for å trekkja dei lange linjene frå steinalderen og til nyare tids historie i området. Informasjonstavlene er utstyrt med QR-kode som lenkjer til formidlingsfilm for steinalderen, noko som gjer formidlinga meir levande og spennande.






| Finansiering Kostnad | Sund kommune | Studentarbeid AHKR | Dugnad | BARK 2018 | SUM |
|---|---|---|---|---|---|
| **Illustrasjon** | | | | 6.817,- | *6.817,-* |
| **Trykk** | | | | 7.950,- | *7.950,-* |
| **Video og implementering QR-koder** | 11.017,- | | | 35.233,- | *46.250,-* |
| **Montering skilt, m.m.** | | | 10.000,- | | *10.000,-* |
| **Førebuing skilt om kvalfangst, formidlingsopplegg Kvalfangst/steinalder skule, m.m.** | | 120.000,- | | | *120.000,-* |
| **Arbeid innhald web.app** | | | | | |
| **Admin** | 40.000,- | | | | *40.000,-* |
| **SUM** | *51.017,-* | *120.000,-* | *10.000,-* | *50.000,-* | **231.017,-** |

**Konklusjon**
Tilskotet tildelt i 2017 og 2018 er utbetalt og desse delane av prosjektet er ferdigstilte. Sund kommune viser god framdrift i prosjektet og vil i 2019 søkja tilskot til siste fase av prosjektet. Sund kommune ynskjer å få utsatt sluttrapport til prosjektet er ferdig, men har levert utførleg delrapport som ligg vedlagt.



Foto: HFK

| BARK | Tiltak | Prosjektkostnad | Tilskot | Utbetalt | Rest |
|---|---|---|---|---|---|
| 2014 | Tilrettelegging | | 25.000,- | | |
| 2018 | | | | 21.000,- | 4.000,- |
| Tilskotet delvis utbetalt. Rest av tilskot vert søkt vidareført til 2019 | | | | | |

Prosjektet vert gjennomført i samarbeid med Bergen kommune, Byantikvaren. Det er utarbeidd skilt for prosjektet, og skiltet vert sett opp når skiltstativ er kjøpt inn. Byantikvaren arbeider med kjøp av skiltstativ. Det er gjennomført synfaring av området saman med Byantikvaren og Bymiljøetaten for å drøfta moglegheitene for skjøtsel av kulturminna og å betra tilgjengelegheita for ålmenta til området.
Prosjektet er nært ferdigstilling og det har difor ikkje vorte nytta tid på å setje opp mellombels rekneskap no. Skjøtsel av lokaliteten og oppsetjing av skilt vil verte gjennomført i november 2018, og sluttrapport vil liggje føre i løpet av desember 2018. Då lokaliteten og tilrettelegginga ligg i eit friområde vil vedlikehald av desse verte tatt med i avtale om vedlikehald av friområdet. Det er difor ikkje planar om eigen skjøtselsplan for lokalitetane. Delar av tilskotet er utbetalt.




**Konklusjon**
Prosjektet er starta opp og delar av tilskotet utbetalt. Då prosjektet er nært ferdigstilling og dette er tilskotsmidlar som allereie er utbetalt til Hordaland fylkeskommune vil sluttrapport med rekneskap verte ettersendt når prosjektet er ferdig. Det er ikkje nytta tid på å setje opp mellombels rekneskap no. Utbetalt tilskot er nytta til utarbeiding av skilt.

## Tilrettelegging Kongshaugen på Hop ID 91779

| BARK | Tiltak | Prosjektkostnad | Tilskot | Utbetalt | Rest |
|---|---|---|---|---|---|
| 2013 | Tilrettelegging | | 25.000,- | 0,- | 25.000,- |
| Tilskotet vert søkt vidareført til 2019 | | | | | |

Prosjektet er ikkje gjennomført, men dialogen med Askøy kommune er etablert og prosjektet er ynskt gjennomført av kommunen. Dersom prosjektet ikkje let seg gjennomføra i 2019 vil Hordaland fylkeskommune vurdera å søkja om omdisponering av tilskotet til eit meir eigna prosjekt.

## Tilrettelegging Kolltveit ID 127360 mfl.

| BARK | Tiltak | Prosjektkostnad | Tilskot | Utbetalt | Rest |
|---|---|---|---|---|---|
| 2013 | Tilrettelegging | | 25.000,- | 0,- | 25.000,- |
| Tilskotet vert søkt vidareført til 2019 | | | | | |

Det er etablert kontakt med Kolltveit skule for gjennomføring av prosjektet. Kolltveit skule ynskjer at Fjell kommune skal vera ein aktiv part i arbeidet, og dette er avklart med Fjell kommune. Det vert no arbeidd med å setje dato for eit møte for å drøfta vidare framdrift. Hordaland fylkeskommune er trygg på at dette prosjektet vil verte gjennomført.

## Tilrettelegging Munkarøysi, Granvin ID 55574

| BARK | Tiltak | Prosjektkostnad | Tilskot | Utbetalt | Rest |
|---|---|---|---|---|---|
| 2018 | Skilting og merking | 35.100,- | 11.250,- | 0,- | 11.250,- |
| Tilskotet vert søkt vidareført til 2019. | | | | | |

Prosjektet er starta opp og det er gjennomført synfaring av gravrøysa. Skiltet er under utarbeiding og det er avklart plassering. Prosjektet vert vidareført til 2019.

## Steinalderstien, Austrheim ID 66703 mfl.

| BARK | Tiltak | Prosjektkostnad | Tilskot | Utbetalt | Rest |
|---|---|---|---|---|---|
| 2018 | Skjøtsel/ forprosjekt tilrettelegging | 584.000,- | 292.000,- | 0,- | 292.000,- |
| Tilskotet vert søkt vidareført til 2019. | | | | | |

Prosjektet er forsinka grunna utfordringar med økonomi i kommunen og endringar i oppgåver for dei tilsette. Prosjektet er forankra på rådmannsnivå og politisk og er med i arbeidsplanar for 2019. Tilskotet vert søkt vidareført til 2019.

## Oppsummering

| BARK | Prosjekt | ID | Tilskot | Utbetalt 2018 | Rest | Søknad om vidareføring av midlar til 2019 | Merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **2013** | Kongshaugen | 91779 | 25.000,- (tilskotet er utbetalt HFK) | 0,- | 25.000,- | JA | |
| **2013** | Kolltveit | 127360 m.fl | 25.000,- (tilskotet er utbetalt HFK) | 0,- | 25.000,- | JA | Det er etablert dialog med Fjell kommune og Kolltveit skule. Prosjektet er venta ferdigstilt |
| **2014** | Ruskenes-hellaren | 25782 | 25.000,- (tilskotet er utbetalt HFK) | *21.000,-** | 4.000,- | JA | Prosjektet er igangsett, og er venta ferdigstilt innan utgongen av 2018 |
| **2015** | Fosnstraumen | Fleire ID-nr | 110.000,- | 58.733,1,- | - | - | Prosjektfase ferdigstilt |
| **2015** | Hæreidsmoen | 110228 | 150.000,- | 28.336,- | - | - | Prosjekt ferdigstilt, sluttrapport vedlagt |
| **2016** | Håkonshaugen | 66400 | ~~350.000,-~~ 15.000,- | 0,- | 15.000,- | NEI | (avkorta pga endring i prosjektplan) Prosjektet utgår |
| **2016** | Årbakka | 35534 | 12.000,- | 0,- | 12.000,- | NEI | Prosjekt utgår |
| **2016** | Leirvik | 108033 m.fl | 36.000,- | *29.700,-** | 6.300,- | NEI | Prosjektet er ferdigstilt. Rest av tilskot går attende til RA |
| **2016** | Vindenes II | 64065 m.fl | 20.000,- | 20.000,- | 0,- | - | Delrapport vedlagt. Sluttrapport utsatt. |
| **2016** | Børshovda | 106039 | 18.500,- | *6000,-** 3.650,- | 8.850,- | NEI | Prosjektet er ferdig. Sluttrapport vedlagt Rest av tilskot går attende til RA |
| **2016** | Istertveit | 106073 | 19.000,- | *6000,-** 13.000,- | 0,- | - | Prosjektet vert ferdigstilt november 2018. Rapport vedlagt |
| **2017** | Gildeskålbakken | 60597 | 24.000,- | 24.000,- | 0,- | - | Prosjekt ferdigstilt, sluttrapport vedlagt |
| **2017** | Kvalvågen I | 97070 m.fl | 200.000,- | *200.000,-** | 0,- | - | Prosjektfase fullført, tilskotet utbetalt. |
| **2017** | Vindenes RA | 64065 | 110.000,- | 0,- | 110.000,- | JA | Prosjekt utsatt til vår 2019 |
| **2018** | Kvalvågen II | | 50.000,- | 50.000,- | 0,- | - | Prosjektfase fullført, delrapport vedlagt. |
| **2018** | Steinalderstien | | 292.000,- | 0,- | 292.000,- | JA | |
| **2018** | Munkarøysi | | 11.250,- | 0,- | 11.250,- | JA | Prosjektet er starta opp. |
| **SUM utbetalt 2018 ( delutbetaling ikkje inkludert)** | | | | **197.719,-** | | | |
| **SUM utbetalt 2018 delutbetaling inkludert** | | | | | | | ***460.419,-*** |

** Allereie utbetalt til HFK gjennom delrapportering eller som tidlegare overførte midlar*